

# **Økonomiplan**

## **Stranda Fotball**

# STRANDA FOTBALL

## Innleiing:

Det finst berre to gradar av kontroll og det er null eller full. Ein organisasjon som ikkje har full kontroll og som slit med sine økonomiske plikter vil aldri verte attraktiv verken for sponsorar og ikkje minst for folk som kan tenke seg å sitje i styre og utval. Det er difor viktig å definere ein økonomiplan over korleis ein styrar økonomien i klubben.

Pr i dag har ikkje klubben eit eget økonomiutval. Dette har vi hatt før og er noko som er særst godt for eit styre å støtte seg på, og difor noko som ein i klubben bør prøve å få på plass ved høve.

Stranda Fotball har i dag ein ekstern regnskapsfører, dette har vi etter pålegg frå Stranda Idrottslag. Regnskapsføring er ein av dei postane i klubben sitt regnskap som det er knytt mest kostnadar til, og ein bør sådan innad i klubben jobbe meir med regnskapet sitt. Ein bør for eksempel sørge for posteringa sjølv. Anna ein bør kunne ta er fakturering. Men pr. i dag er dette overlatt til Økonsult AS.

Vidare er det å budsjettere ein krevjande jobb, som både krev innsikt i "næringa", og ein viss kjennskap til historiske kostnadar for å kunne meistre. Det er særst vanskeleg for eit "nytt" styre å treffe dette, og ein treng difor ofte litt konsultasjon med tidlegare styre eller kasserar og lignende for å få på plass realistiske budsjett.

Vi i Stranda Fotball har i dag ikkje ein særleg treffande og god kontoplan. Det burde være ei prioritert oppgåve for eit økonomiutval å utarbeide ein ny kontoplan.

Dette dokumentet er det kasserar ilag med styre og eit eventuelt økonomiutval som er ansvarleg for. Det vil sei at ein ved ei endring av rutinene er pliktig til å oppdatere det i dette dokumentet.

## Budsjett

Eit budsjett er eit viktig arbeidsdokument, viss budsjetteringa er realistisk og god. I tillegg til dette er eit budsjett eit strategi dokument som viser korleis klubben ynskjer å bruke sine resursar i det kommande året. Når vi i framtida snakkar om satsing, må dette visast igjen i budsjettet.

Styret skal:

- Kwart år utarbeide eit budsjett for kommande år.
- Det skal budsjetterast på kontonivå. (Mest mulig detaljert)
- Budsjettet skal baserast på forsiktighetsprinsippet
  - Kunn sikre inntekter
  - Alle forventta utgifter
  - Er ein usikker på utgifta, ta i.
- Ein skal budsjetter med minimum 100.000 i overskot. (Før finanskostnader)
- Ein skal budsjettere med minimum 50.000.- i overskot.

Det er ønskeleg med tid at Stranda Fotball skal utarbeide budsjett for 3 år framover.

## Regnskap

Alle idrettslag er regnskaps- og revisjonspliktige. I Stranda Fotball nyttar vi i dag ekstern regnskapsfører og er innlemma i Stranda Idrottslag sitt ”konsernregnskap.” Vårt regnskap følgjer i utgangspunktet realisasjonsprinsippet. Det vil med andre ord sei at inntekter og kostnader bokføres i den regnskapsperiode der posten har oppstått.

Stranda Fotball får etter ønske frå styre. Og det er naturleg at styret har økonomi på styretsagenda minimum kvart kvartal. Regnskapsåret i følgjer kalender året.

Når det gjeld balanseføring av eigendelar, så kan desse ikkje stå bokført med høgare verdi enn størrelsen på lånet. Dette vil sei at eigendelar som er nedbetalt står i verdi 0 i regnskapet.

# STRANDA FOTBALL

## **Økonomistyring og kontanthandtering;**

Stranda Fotball skal ha gode interne rutinar for økonomistyring og etablerte kontrollrutinar, dette er viktig for å sikre ein sunn økonomi i idrettslaget. Det er styrets plikt å sørge for ordentlig og oversiktig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysningane.

Kontantinntekter frå kiosksal og liknande skal alltid telles opp av to personar, og oppgjørsskjema fylles ut og signerast av to personar før pengane settes inn på konto. For kiosken og billetttoppgjeret nyttar vi Sparebanken sinn nattsafe. Instruks om korleis ein fyller ut oppgjørsskjema henger i kiosken.

Ved arrangement gjeld dei same reglane for innskot. Der skal ein også ha alle bilag signert av to ansvarlege for arrangementet, og det same skal prosjektrekskapet vere.

Når det gjeld betalingsterminalane er det viktig at desse blir avstemt etter arrangement slutt. Instruks på dette henger i kiosken.

## **Bruk av bankkonto:**

Iht. NIFs lov § 2-11(7) skal bankkonti minimum disponerast av to personar i fellesskap. I Stranda Fotball er dette for hovudkonto styresleiar og kasserar. Når det gjeld prosjekt kontoar som Mesternes Mester, Fotballskulen, Nattcup m.m. er det leiar for arrangementet og kasserar som er disponentar. Styresleiar har innsynsrett i alle kontoar. Ved utbetalinger skal regnskapsbilaget alltid signerast av mottaker.

## **Lagsøkonomi:**

I Stranda Fotball er det kunn seniorlaga i klubben som vil ha lagskontoar. Kasserar i klubben skal ha innsyn i desse, men treng ikkje å vere disponent. Alle lagskontoar skal administrerast gjennom klubbens økonomi og regnskapssystem. Alle inntekter, pengegaver eller sponsorinntekter et lag eksklusivt får tilgang til skal inn i klubbens økonomisystem. Denne prosedyren sikrar blant anna at «klubben er sjef»

Alle kostnader til utstyr, baller, drakter, seriepåmelding og annet som anses som normale driftskostnader dekkes av klubben ut frå behov og anbefalingar frå sportslig leiding og materialforvaltar. Ekstraordinære innkjøp av utstyr skal fremmast for styret, og vere anbefalt av sportsleg utval, til godkjenning før kjøp gjennomførast.

Ved behov eller ønskjar om øyremerket sparing for et lag til aktivitetar som krevjar sparing over tid så skal lagleiar søkje om dette til styret.

Ved godkjenning frå styret forutsetter det at alle midlar settes inn på øyremerket konto i klubbens økonomisystem.

# STRANDA FOTBALL

I utgangspunktet skal alle dugnader, sponsoravtaler eller gaver som innhentast av lag og personar tilknytt Stranda Fotball tilfalle klubben, klubben er ansvarlig for å fordele økonomiske og materielle ressursar ut frå et likskapsprinsipp og behov.

Ved spesielle tilfeller kan lag søke styret om unntak frå denne regelen, i slike tilfeller skal minst 50% av samla verdi tilfalle klubben til fordeling og maksimalt 50% tilfalle laget som fremmer søknaden. Laget må da sjølv finne aktiviteten som kan gi muligheit til denne forma for egen sparing.

Kvitteringar og bilag skal leverast økonomiansvarlig så fort som mulig.

Alle kvitteringar for utlegg skal signerast av mottakar.

Det er ikkje behov for egne kontantkasser for lagene i Stranda Fotball, ved behov koordinerast dette med kasserar.

Alle kontantkasser skal avsluttes daglig, oppgjørsedel skal signerast av minst to personar og kontantar skal overleverast økonomiansvarlig utan unødvendig opphald.

## **Regningsbetaling;**

Inngåande fakturer over NOK 10.000.- ,vis dei er med i budsjettet, og 5.000.- kroner er dei ikkje med, skal signerast av minst 2 styremedlemmer før kasserar betaler. Kasserar har signatur fullmakt.

Inngåande fakturer attestert av personar med innkjøpsfullmakt, budsjettansvar eller utvalsansvar treng ikkje å verte attestert av styret. Unntaket er viss utvalet eller innkjøpar har budsjett sprekk. Vidare viss fakturaen er på meir enn 10.000.- Er fakturaen frå ein privatperson er grensa på kr. 5.000.-

## **Bil godtgjøring / reiseregning;**

Trenere, spelarar, lagleiar, styremedlemmer eller andre som har avtale om å få dekket utgifter til kjøring i samband med oppgåver utført for klubben, plikter å levere godkjente bilgodtgjøringsskjema før godtgjøringa utbetalast.

## **Økonomisk ansvar;**

NIFs basis-lov norm seier følgjande: «For avdelinger og grupper økonomiske forpliktelser hefter hele laget, og avdelinger/grupper kan ikke inngå avtaler eller representere laget utad uten styrets godkjennelse. Dette innebærer blant annet at det bare er lagets styre (hovedstyre

# STRANDA FOTBALL

der laget har grupper/ avdelinger med egne styrever) som kan foreta ansettelser og inngå sponsorkontrakter». Det siste er spesielt viktig å vite når fotballgruppa i et fleiridrettslag skal inngå forpliktende kontraktar med samarbeidspartnarar, trenere eller utøvarar. Oppgåva kan delegerast til ein funksjon i særgruppa.

## **Innkrevjing;**

Innkrevjing skal alltid gjerast til klubbens bankkonti, forttrinnsvis hovudkonto. (Unntak dersom kasserar eller styret har gitt beskjed om annan konto til spesielle formål). Det skal aldri brukast private bankkonti tilhøyrande styremedlemmer, lagleiarar m.f.

## **Økonomiske kjøreregler:**

I Stranda Fotball har vi nokre økonomiske kjøreregler. Det er viktig for sikring mot for eksempel underslag og at ein sørgjer for at ein har ein ryddig økonomi.

For kasserar:

- Fakturar på over 10.000.- skal signerast av 2 styremedlemer.
- Dommarrekningar ungdomsfotballen skal signerast av lagsleiar & dommar.
  - Er dommar og lagleiar i slekt, skal det signerast av ein tredjeperson.
- Dommarrekning a-lag og junior skal signerast av lagleiar & trenar.
- Faktura skal signerast av referanse person
- Utval som skal investere i diverse med verdi over 30.000.-, skal lage prosjektbeskriving.
- Kjøpestopp skal innførast ved budsjettoverskridingar.
  - Oppheving av kjøpestopp skal da verte styrebehandla.
- Økonomisk mislighald skal politianmeldast.